



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

## Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 30.03.2023 Ikornnes kyrkje kl. 20:00

Desse møtte:

Ingund Eliassen, Janita Kurseth Eikemo, Bergljot Hjortdal, Ellen Brautaset Vatne, Magnar Vigstad, Knut Farstad, Anita Øvergård.

### Sak 16/23      **Evaluering kyrkjedagane 2023**

Inntekt ca 96.000.- minus diverse kostnader.

Magnar sjekker med Lena Fet om kor mykje ho skal ha for lyd-jobben.

Godt oppmøte fredagskvelden, vi serverte ca 100 pers.

Kjempegod suppe – kokken Ingund fekk mykje skryt. Passelig med suppe, men litt mykje brød når vi hadde flatbrød i tillegg. (kan kjøpe 5 færre loff)

Vi må ha fleire skuffekaker til fredagskvelden – minimum 6 stk.

Årer kr 20.- fredag, 2 runder – opp til 5999

Laurdag var det ca 60 pers som kom innom. Selde 2 runder med årer à kr 10.- opp til 4999. Vi hadde bra med gevinstar, 275 tombola og rikelig med åregevinster. Kjekt med Jippikoret og info frå NMS v/May Lisbeth.

Bra oppmøte søndag på gudstenesta, og kakene gjekk unna på kyrkjekaffien.

### Sak 17/23      **Val 2023**

Anita reviderer lista for aktuelle personer, i tillegg har vi fått tips om Marit Karlsen Skjøng og Anne Lene Erikstad Utgård.

### Sak 18/23      **14. april starter Allsong i kyrkja**

Skal vere annankvar fredag kl 11. I regi av Kristin Kjemphol, Askjell Molvær skal spele piano til. For eldre og alle som har lyst og anledning.

### Sak 19/23      **Søndag 16. april – Åge Lade skal ha pianokonsert i kyrkja**

Kl 19. Ingund kan komme og selge billetter, Anita kan også hjelpe til.

### Sak 20/23      **Rekneskapen for 2022**

Vi må invitere Arild til å komme på neste møte og ta en gjennomgang.

Prioriteringsliste vedr vedlikehald / oppgradering av kyrkja.

Gjere klart til årsmeldinga.

- Sak 21/23 Fasteaksjonen 2023**  
Litt dårlig oppslutning, av 22 konfirmanter var det 14 som møtte. Virka som om informasjonen ikkje har komt ut godt nok til foreldra (ca 3 veker i forkant).  
Forslag: Ha ei obligatorisk konfirmantgudsteneste søndagen før aksjonstirsdagen, og del ut bøsser og roder då.
- Sak 22/23 Brøyting rundt kirka og på parkeringsplassen ved skulen**  
Må ha et bedre system på dette til neste år, slik at det er plass for folk å få frå seg bilane når det er gidstenester og arrangement i kyrkja. Også til tirsdagstrefftet.
- Sak 23/23 Vedlikehald generelt**  
Fortsatt mangler det ei flis i kjellergangen (etter meir enn 3 år), mange som snubler på denne. Og så er det vinduet oppe i gangen som er ødelagt.  
Oppshining av toaletta er også høgt på prioriteringslista vår.
- Sak 24/23 Innspel frå Knut prest**  
«Det må vere plass til høvlebenker i kyrkja» - dette skal ha vore uttalt frå Jens Ekornes når dei skulle til å byggje på 70-talet. Knut har tanke om å få etablere ei gruppe typ «ungt entreprenørskap» for konfirmanter, og vil sjå på evt. bruksendring av kontorlokala oppe i 2. etg. Knut tenker at praktiske evner skal likestillast med musikalske og intellektuelle evner 😊  
Vi tok ein tur opp og såg på fasilitetane, men der er det nok for liten plass – og i tillegg er det mange andre behov som det bør gjerast noko med der oppe.  
Vi skal få til ei synfaring på skulen og sløydsalen til neste møte – der må det vel vere heilt perfekte forhold til eit eventuelt prosjekt av denne typen.

**Neste møte: onsdag 19. april kl 20.**

Hovedsaker er val, gjennomgang rekneskap for 2022, klargjering for årsmelding, synfaring skulen.

Stein Vedvik vert kalla inn som vara.

Referent  
Anita